

Tilbyr trenarkurs i førebygging av fotballskader.

09.07.2017



Yngve Myhre på kunstgrasbanen saman med kameraten Lars Johan Myklebust i desember 2015.

Fysioterapeut og utflytt uskedeling, Yngve Myhre, har stort sett arbeidd i toppfotballmiljø etter at han vart ferdig utdanna fysioterapeut i Bergen i 2006. Han kan sjå tilbake på 7 år i Brann og 2 år i Sogndal. Etter fjorårets fotballsesong flytta han frå saftbygda til hovudstaden der han no driv privat praksis ved Valhall Helse i tillegg til engasjement på andre område.

I tillegg til praksisen frå toppklubbane Brann og Sogndal, der man var medisinsk ansvarleg dei to åra, har han vore tilknytta Olympiatoppen Vest-Norge, landslaget i volleyball og triatlon. Han har også jobba eit år i Spania ved Den Norske Revmatikerforrenings sitt behandlingssenter Reuma-Sol for om lag 10 år sidan.

I tillegg til den gode praksisen, har Yngve heile tida vidareutdanna seg for å utvikla kompetansen. Han har tatt videreutdanning og kurs innan idrettsfysioterapi, idrettsmedisin, idrettspsykologi, medisinsk treningsslære og manuellterapi, noko som i dag gjer han til godkjent spesialist. Forutan praksisen ved Valhall Helse er han også fysioterapeut for Orienteringslandslaget og Lyn Fotball.

Gjennom sine mange år i nnan fotballen har Yngve Myhre sett at fotball er ein skadeutsatt idrett, men det fine er at dette kan førebyggjast i stor grad ved rett trening. Skadeforebyggjande og prestasjonsfremmende trening har dokumentert effekt og kan redusera skadeomfanget med opp mot 50 %. At han brenn for skadeførebyggjande arbeid er også bakgrunn for at han saman med fysioterapeut Arild Solheim i Bergen driv kompetanse og kurstilbodet **Trent for fotball**. Gjennom dette tilbyr dei mellom anna faste klubbtildøgn og kurs til fotballklubbar. Her i distriket kjenner vi til at dei skal ha kurs i Øystese 20.august. Det kan også vera ein fin mulighet for trenarar her i kommunen til å auka kompetansen på dette viktige området. Påmelding skjer via heimesida www.trentforfotball.no. Dei har også faste klubbavtalar med fleire fotballklubbar i Bergensområdet.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland